



Universitetet
i Stavanger

Kalvig, A. (2013) Dødekontakt i Rogaland. *Kirke og kultur*, 118(2) s. 132-145

Lenke til publisert versjon: http://www.idunn.no/ts/kok/2013/02/doedekontakt_i_rogaland?highlight=#highlight (Det kan være restriksjoner på tilgang)



UiS Brage
<http://brage.bibsys.no/uis/>

Denne artikkelen er gjort tilgjengelig i henhold til utgivers retningslinjer. Det er forfatterens siste upubliserte versjon av artikkelen etter fagfelleevaluering, såkalt postprint. Dersom du skal sitere artikkelen anbefales det å bruke den publiserte versjonen



Dødekontakt i Rogaland

av Anne Kalvig

Sammendrag

På ein hotellrestaurant i Sandnes sit Anita Helen Rasmussen, kjent norsk medium som i 2011 kom på andreplass i TV Norge sin seriesuksess «Jakten på den 6. sans». Eg, ein religionshistorikar som arbeider med eit forskingsprosjekt om døden som grense, og Anita samtalar om forståingar av død, om korleis Anita opplever kommunikasjonen og interaksjonen med dei døde, og om korleis ho opplever at omverda ser på hennar «overnaturlege» evner og spiritistiske gjerning. Mot slutten av samtalen formidlar ho, slik ho sjølv opplever det, beskjedar frå mine døde slektningar.

Ein del av dei som «kjem igjennom», som det heiter, kjenner eg ikkje igjen, men når ho erklærer at ho sansar ein kvinneleg slektning som elska perler og hattar, må det så klart vera mormor som er nær! Anita hermar etter låtten hennar, og høyrer akkurat ut som henne. At Anita som mogleg kontaktledd mellom mormor og meg, festa seg ved perler og hattar, er påfallande og morosamt: Pyntar folk seg i dødsriket óg? Anita og hennar virke illustrerer ei rekke tilhøve ved spiritisme som fenomen som eg undersøker vidare i det følgjande: Kva er kjenneteikn ved dagens spiritisme som spirituell praksis og førestillingsverd, slik denne viser seg i Rogaland? Kva globale trendar er spiritisme og mediumskap del av? Er dette ei kontroversiell form for nyreligiøsitet? Eg undersøker nedanfor spiritisme som fenomen med Anita Helen Rasmussen som eitt døme, og trekk inn andre spiritistiske aktørar og feltarbeid eg har utført i tilknytning til spiritisme.

Spiritisme som religionsfagleg fenomen

Dei spiritistiske uttrykka i dag er svært mangfaldige. Dei opptrer i vekselspel med mange andre former for spirituell eller religiøs praksis, og i eit stort tal kombinasjonar med ulike media- og kommunikasjonsformer. «Klassisk» spiritisme blir ofte forstått som den type døde- eller åndeformidling som oppsto på midten av 1800-talet i USA. Ein reknar gjerne med Fox-systrene sitt virke som startskotet for den spiritistiske bølga i USA, som forplanta seg til Europa.¹ Spiritisme var ein viktig del av verksemda til Teosofisk Samfunn (oppretta 1875), som i sin tur har vore ein avgjerande premissleverandør for dagens nyreligiøsitet. Allan Kardec i Frankrike utvikla ein type spiritisme som forutan åndekontakt inneheldt reinkarnasjonstru og karmadoktrine. Denne spiritismen eller kardecismen er stadig utbreidd i Brasil. Læresetningane Kardec framstiller i si 1857-utgjeving *Åndenes bok*, kan kallast nyåndeleg *doxa* eller «common sense» i dag: Gud er den ytste, åndelege røyndom og alle tings opphav, sjela utviklar seg til høgare og høgare erkjenning gjennom mange jordiske liv, og åndene (sjeler i åndeform) er verksame på jorda, både gode og vonde slike.

Er spiritisme religion eller (pseudo)vitskap? Store Norske Leksikon på nett opererer med eit skilje mellom «spiritisme» og «religiøs spiritisme» som oppslagsord.² Dette føreset ein nokså snever definisjon av religion, som vil kunna gjera ein heil del religiøst-spirituelle og utbreidde førestillingar og praksisar vanskelege å tematisera og forstå som fenomen. Innan klassisk spiritisme meinte mange at åndekontakten var fakta, og at kunnskapen om kosmos' struktur og kvalitet ikkje var basert på tru, men viten. I religionsfagleg forstand blir likevel desse

lærene og praksisane religiøst relevante, fordi me vanskeleg kan kalla kommunikasjon med avdøde sine ånder eller sjeler for sekulær verksemd. Viss me definerer religion som «erfaringar, førestillingar og praksisar, i ulike kombinasjonar, som refererer til ei åndeleg røynd av tyding for menneske og deira relasjon til alt anna som eksisterer»,³ ser me at mykje av det som rører seg på dagens alternativspirituelle arena kan framstå som religion og fangast inn som studieobjekt. Så også med spiritisme og spiritistiske praksisar og førestillingar.⁴

Dagens spiritisme dreier seg framleis om formidling av meldingar via eit medium (kontaktledd) frå døde og/eller ånder, til dei levande. Der blir nytta ulik namn på dei som er på «den andre sida» og kommuniserer, som «dei som ikkje er her lenger», sjeler, ånder, i nokre tilfelle skytsenglar.⁵ Formidlingsforma er typisk såkalla seansar, med eit medium som formidlar meldingar til einskildpersonar eller større publikum. Nytt i vår tid er seansar via sosiale media som Facebook. Anita Helen Rasmussen tilbyr til dømes gratis «healingseansar» på Facebook kvar veke, der folk skriv seg opp på «veggen» på den Facebook-hendinga

(eventen) som blir oppretta til formålet, og der Anita etter seansen skriv kva ho har opplevd av stemningar, healingenergiar og meldingar frå dei døde på den andre sida, med namn og til dels personlege helsingar. Den spiritistiske kommunikasjonen og meiningsproduksjonen er i dag del av eit breiare nyreligiøst eller nyåndeleg felt.⁶

Dei seinare åra har der vore ein betydeleg forskingsinnsats kva gjeld nyreligiøsitet, i Noreg og internasjonalt. Dette tyder likevel ikkje at forskingsfeltet «gjev seg sjølv», det er eit utprega mangfaldig, tvitydig og skiftande felt der grensene til andre forskingsfelt kan vera uklare: Kva tid dreier det seg om folkereligion eller -religiøsitet, og kva tid er det tydelegare «ny» religiøsitet? Korleis skal me forstå populærkulturens samband med nyreligiøsitet, og kva tid skiftar diverse trendar, praksisar og førestillingar frå å vera spirituelt relevante, til å vera (bare) verdslige eller sekulære?⁷ Definisjonar og avgrensingar må ofte diskuteras fram i den einskilde forskingsprosjektsamanhengen.

Sjølv om spiritisme kan seiast å vera eit integrert trekk i ei breiare, spirituell-kulturell strøyming, kan me forsøka å få meir oversikt over feltet ved å sortera ut nokre idealtypar eller kategoriar som synast «stå ut» i terrenget. Viss me tar utgangspunkt i utøvarsida og kva «rom» spiritismen opptre i, kan me sortera spiritisme som: 1) praksis innanfor trussamfunn som Norsk Spiritualistisk Trossamfunn, 2) praksis i «sekulært»⁸ orienterte samanslutningar som Norsk Spiritualistisk Forening, 3) praksis hos enkeltstående medium i ein til ein-seansar og storseansar, 4) praktisert som husreinsking/åndeutdriving 5) praksis i den virtuelle verda (via internett) og 6) produsert («praktisert») innan populærkultur (filmar, tv-seriar (fiksjon og «fakta»), bøker (krimlitteratur og alternativ litteratur). Tar me utgangspunkt i førestillingssida, derimot, kan brukelege kategoriar vera: a) trøyst-, forsonings- og terapeutisk spiritisme, b)

«preikande» spiritisme (kanalisering), c) sjamanistisk prega spiritisme og d) parapsykologisk innretta spiritisme. Kategoriane – både dei som gjeld utøvar/praksissida og førestillingssida, overlappar i til dels stor grad, og dei vil bli omtalte i det følgjande.

Med ei slik grovsortering av spiritismetypar, avklarar eg ikkje spørsmåla om forholda mellom ulike fagfelt og korleis me kan handtera det tvitydige, til dømes det å avgjera om fenomen er «meir» og «mindre» religiøst relevante. I møtet med det nyreligiøse eller nyåndelege feltet, blir me sterkt minte på at religion er ein storleik med skiftande tydingar, og at «tru» og «overtyding» i nokre tilfelle kan vera mindre sakssvarande begrep enn «engasjement» og «interesse», sjølv om det ikkje treng vera ei motsetning mellom desse kategoriane. Når det gjeld dødekontakten meir spesifikt, har det i det siste blitt fokus på at nett denne type religiøsitet eller spiritualitet har hatt ein meir ublid lagnad i religionsvitskapen enn andre

fenomen: Erfaringar som kan kallast paranormale har utfordra «normalvitskapen» så vel som den hegemoniske religionen, og har blitt utdefinert frå det akademiske studiefeltet.⁹ Med paranormale erfaringar meinast «overnaturlege» erfaringar som til dømes ikkje har religiøs tru som sitt utgangspunkt, men står fram som erfaringar som kan utfordra både rasjonalitet og religiøsitet. Samstundes viser det seg at media som kommunikasjonsform har bidratt til å gjera det paranormale til «mainstream» som kulturelt fenomen. Medievitar Annette Hill viser til at halvparten av folk i vestlege land, og to tredjedelar av nordamerikanarane, seier dei reknar med overnaturlige krefter, og folk har gjennom media si orientering mot dødekommunikasjon eit unikt høve til å delta i «the greatest mysteries of what happens to us when we die».¹⁰

Spiritisme som nyåndeleg og populær praksis: tilfellet Else

Kva tid blir spiritisme praktisert og tematisert i norsk kontekst, og kven er mottakarar? La oss ta ein tenkt, rogalandsk representant, og følgja henne ein dag. Ho skal illustrera folks interaksjon med spiritisme, og slik også visa dei ulike spiritismekategoriene i spel.¹¹ «Else», 50 år, er fråskilt og med jobb som sekretær i eit firma i oljeindustrien. Det er laurdag og Alternativmesse i Stavanger, og Else startar dagen med kaffi og avis, før ho i helgeroen går vidare med lesing av siste nummer av *Magic Magasin*, eit alternativspirituelt magasin ho abonnerer på. Artikkane Else les denne laurdagsmorgonen, fortel om kontakt mellom levande og døde, og om kva tyding våre mange liv har i eit utviklingsperspektiv.¹² Dei mange annonsane i magasinet for spådomstenester på telefon appellerer ikkje til Else, men ho liker å lesa intervju med spådamene, som er fast stoff i magasinet.

Før Else gjer seg klar til å besøka Alternativmessa i Folkets Hus, loggar ho seg på Facebook for å sjekka siste nytt. Ho la inn ein takk på Anita Helen Rasmussen si healingseanseside her etter onsdagens gratis healing og formidling av meldingar frå kjære etterlatne. Nå får ho også melding når andre kommenterer Rasmussen si oppdatering etter seansen. Mange legg bare inn eit hjarte, ♥, som uttrykk for takksemnd. Sjølv har ho drista seg til å skriva «Tusen takk for din omsorg og varme, og beskjeden du ga», for Rasmussen skreiv «Rune hilser sine, reiste som ung», og Else kjente sterkt at dette var ei melding frå hennar kjære onkel Runar som døydde av hjartestans bare 45 år gammal. Sidan ho også følgjer Lisa Williams, verdskjent medium, på Facebook, har ho fått nyheitsvarsel om at Williams nyleg har skrive noko på denne offisielle fan-sida, nemleg ei melding om at dagens blogg-radioshow skal handla om «Mediumship» og at folk er velkomne til å ringa inn førespurnader om åndeformidlingar.

Omsider kjem Else seg av garde til Alternativmessa, der ho har avtale om å gå på dødeformidlingsseanse saman med venninna Kari, som ho blei kjend med på eit kurs i «Rebirthing» på Siwisenteret på Figgjo i Sandnes i fjor. Det er halvannen time til ho og Kari skal møtast. Etter å ha rusla rundt på messa og nytt synet av allslags alternative varer til sals, oppsøker Else standen til Norsk Spiritualistisk Forening (NSF), og pratar med representanten om kva medlemskap der vil innebera. Else får høyra at NSF mellom anna tilbyr kurs i mediumskap, og at Norsk Spiritualistisk Trossamfunn (NST) finst som ei avdeling av foreininga. Medlemskap her er gratis, og representanten for NSF fortel at innmelding i trussamfunnet gjev gratis medlemskap også i NSF, som elles kostar 250 kroner. Ennå manglar lokallag for trussamfunnet i Stavanger, men NST tilbyr seremoniar for dei store hendingane i livet i heile landet, mellom anna spiritualistisk konfirmasjon og tilhøyrande konfirmasjonsundervisning, som folk utanfor Oslo kan ta som ei helgesamling. Else tenker på tantebarnet sitt som snart skal velja korleis ho skal konfirmerast, og som er svært interessert i mediumskap. Ho og Else hadde til dømes ein strålande kveld i saman på Lisa Williams sitt

show, sist verdsstjerna var i Stavanger.

Kvart på eitt treff ho Kari og dei går spente til hotellet like ved Folkets hus der ein av fleire seansar skal haldast i regi av messa. Mediet dei har valt å oppsøka, står fram med mykje humor og varme, men også med åtvaringar kva gjeld vonde ånder: Mange viser ikkje respekt eller forståing for åndene, seier mediet, som kjem nordfrå. Ho skildrar eigne prosedyrar for å reinska hus for dårlege energiar og invaderande ånder. Ho fortel også at dyr stadig kjem med varslar til oss, viss me bare lærer oss å vera opne for dette. Else og Kari er etterpå einige om at dette mediet var litt ulikt dei dei har opplevd tidlegare. Dei kunne heller ikkje rekka opp handa då mediet byrja ta inn avdøde sjeler/ånder sine meldingar til etterlatne – dei har vore heldige og opplevd dette kvar sin gong tidlegare. Men det var som vanleg mange som meinte å kjenna igjen noko av det som blei fortelt om og frå åndene, og som såleis rekte opp hendene for å bli med i prosessen vidare der dei saman med mediet skulle avgjera om det faktisk var deira kjære som kom igjennom.¹³ Else og Kari er likevel nøgde, den fortetta stemninga og dei rørande reaksjonane frå dei som får meldingar er god nok grunn til å vera med på ein seanse, synst dei.

Når kvelden kjem er Else ganske matt og mett av alle inntrykka på messa. Men ho har gleden seg til opptaket ho gjorde av sist episode av «Fra sjel til sjel» på TVNorge, som ho ikkje hadde høve til å sjå då det blei sendt. Laurdagskvelden blir såleis runda av i godstolen, med eit glas vin og sjaman og medium Gro-Helen Tørum på skjermen. Tørum formidlar kontakt mellom håpefulle folk som har søkt om å få bli med i programmet, og deira avdøde. Else synest det er gripande å sjå kor letta ei syster blir over å høyra at hennar døde bror har det bra og at han formanar systera om leva i nået og ikkje tru at ho kunne ha gjort noko annleis då han døydde i ei bilulukke. Tørum si forbløffande evne til å sjå kva som har skjedd i fortida, og formidla den døde sine nøyaktige skildringar, opplysningar og rørande meldingar får tårer til å renna både på skjermen og i godstolen. Else slår av tv'en og kjenner seg fredeleg til sinns: Det er godt å vita at dei døde lever vidare i eit parallelt lysrike, at dei vaker over oss, og ventar på å komma tilbake til jordisk liv i høve deira eigen sjelsplan, ein plan me alle har og er medvitne om når me er på den andre sida. Medan ho søvnig tuslar inn på badet, bestemmer Else seg for at ho neste dag, etter gudstenesta, skal stella på grava til foreldra.

Som me her ser, er «Else» i kontakt med spiritisme frå ho står opp til ho legg seg. Dømet er konstruert, men ikkje usannsynleg, alle elementa ho har vore i kontakt med i løpet av dagen er reelle og til dels svært populære. Else er i interaksjon med spiritismekategoriane 1–6 denne laurdagen, og på førestillingssida har ho også hatt berøring med alle dei inndelte kategoriane, med unntak av parapsykologisk innretta spiritisme (d). Kategori b, «preikande» spiritisme (kanalisering) er meint å dekke den type generelle formidlingar og formaningar som medium gjerne kjem med, som ikkje handlar om konkrete meldingar mellom døde og etterlatne, men framstilling av generelle levereglar, menneske- og livssyn, slik me høyrde mediet på messa til dels formidla. Det er elles eit poeng at Else har tenkt seg til gudsteneste dagen etter; langt dei fleste som er i kontakt med spiritistiske idear og praksisar er nemleg kyrkjemedlem, i og med at Den norske kyrkja famnar om lag 80 % av folk i Noreg, ikkje minst kva gjeld dei som er over fyrste ungdom. Kyrkja må såleis forholde seg til at kyrkjelyden til ein viss grad er «multireligiøs».¹⁴

Else representerer ein engasjert spiritistisk «konsument», men når me handsamar religion og religiøsitet som noko som går føre seg innanfor kulturelle felt og er prega av kommunikasjon, har ikkje aktørar eintydige roller som produsentar og konsumentar, dei inngår i kompliserte samspel med einannan, der også erfaringsida er sentral. Med magasinabonnement og

alternativmessedeltaking er Else til dømes økonomisk med på å halda liv i feltet, men med hennar interesse for og kommunikasjon om og med spiritisme, er ho i eit større perspektiv med på å prega feltet kva gjeld kva førestillingar og praksisar som blir vidareførte, og kva som med tida minskar i popularitet. Me ser at Else og venninna opplevde mediet som snakka om vonde ånder og behovet for å reinska hus, som litt «framand». Me skal her venda tilbake til det reelle mediet Anita Helen Rasmussen, og sjå kva ho seier om vondt og godt i ei spiritistisk forståing, før me ser på kva globale trendar spiritisme inngår i, og kor vidt spiritisme står fram som ein kontroversiell del av nyreligiøsiteten her til lands.

Fragment til spiritistiske verdsbilete?

I ei av mange Facebookoppdateringar, skriv Anita følgjande:

Til opplysning så jobber jeg kun med gode energier for å hjelpe mennesker. Det vonde skyr jeg som pesten. Det finner ikke plass hos meg. De som ber meg om å skade noen får ikke gehør av meg. Jeg jobber kun i det godes tjeneste. Ei heller kontaktes jeg av de onde. Har en stor styrke så jeg står sterkt i min tro, på mennesket og at kjærlighetsenergien er sterk. ♥♥♥

Me ser at Anita trekk ei klar grense mellom seg og sitt virke, og menneske som har tankar om å be henne forårsaka vondt («skade noen») eller vesen/makter som er vonde («de onde»). Korleis ho eventuelt skulle gjera nokon vondt på bestilling, er uklart, men ho hevdar å ha, og blir oppfatta som å ha, overnaturlige evner, noko som jo også ga henne andreplassen i TV Norge-kåringa. Det er i alle høve tydeleg at Anita som medium reknar med kvalitativt ulike krefter i tilværet, også på den åndelege, «andre» sida.¹⁵ I samtalen eg hadde med henne, var ho mest opptatt av den gode gjerninga, det å hjelpa menneske som av ulike grunnar ber om det, og av å formidla den åndelege røynda sin eksistens. Døde som ikkje har fått fred, som er gått bort på brutalt vis eller har fått kvilestaden sin forstyrra, omtalte Anita ikkje som vonde, men som noko som kan oppfattast som skremmande for folk. Også for henne sjølv kan møte

med slike døde vera utmattande og overveldande. Møtet med dei døde kan vera svært krevjande, fortel ho, som ein gong ho var nord i landet på ei mediumsamling, og det viste seg at hotellet dei var på, var bygd oppå ein kyrkjegard. Av den grunn var det mykje uro på hotellet, og Anita fortel korleis ho såg dei døde i nærmast fleire organiske «lag», oppå ein annan, i hopetal, og at ho hjelpte så mange av dei som ho klarte, over til den andre sida. Men slike døde, fredlause, er ikkje «vonde», i tydinga «vil oss vondt». Også andre alternativt praktiserande har omtalt dei døde som «heng igjen» som uvitande snarare enn vonde. Men set dei seg fast i til dømes ein heim, for ikkje å seia ein kropp og kroppens energisystem, vil effekten av deira feilplasserte «semi-eksistens», vera vond og utmattande.¹⁶ Denne type «ånder» framstår som noko ganske anna enn dei mildt meddelande, kjære etterlatne som Anita formidlar i sine seansar.¹⁷

Det spiritistiske verdsbiletet kan vanskeleg omtalast som eitt og heilskapeleg. Dei spiritistiske førestillingane og praksisane er, til liks med andre nyåndelege fenomen, fleksible og plastiske – dei kan overførast på, formast inn i og gje mening til ei mengd andre kulturelle felt og praksisar, slik me har sett døme på gjennom kategoriseringsmangfaldet. Det *grenseoverskridande* og *gjennomtrengende* ved spiritismen som nyåndeleg og populær praksis er særleg tydeleg dersom me skal plassera det som kulturelt og diskursivt fenomen. Grensa mellom dei store ytterpunkta i tilværet, liv og død, er så visst ikkje absolutt eller reservert for dei «heilage» eller innvigde, overskriding her kan til dømes formidlast via Facebook. Det gjennomtrengende og grenseoverskridande gjeld for store delar av nyåndelegheita, for *energi* opptrer som ei slags kraft som gjennomsyrrer feltet, som symbol og

førestilling, som (pseudo)vitskapleg oppfatning, som mål og meining. I sitatet frå Anita, ser me at «kjærlighetsenergien» opptrer som eit slags «absolutt».¹⁸ Men der energi, healing og terapi utgjer hjulnav i nyåndelegheita generelt, der insisterer spiritismen på «døden» og «dei døde» som like sentrale storleikar, og sprenger symbolske og religiøst-kulturelle grenser som tidlegare har vore haldne meir på plass. Grenser som har vore vakta av ei blanding av bibelsk-kyrkjeleg autoritet og (sein)modernitetens frykt og framandheit for sjukdom, aldring og død, er med eitt (igjen) blitt utfordra av folkelege praksisar, der ikkje minst kvinner har inntatt heilt sentrale roller.

Den globale dødekommunikasjon

Spiritismen i sine mangfaldige former er del av globale, religiøse endringsprosessar. *Marknad* og *media* er særskilt viktige faktorar når det gjeld nyåndelegheita si raske utvikling og spreing globalt. Marknad og media står i ikkje i motsetning til religion slik det er definert her, og utelukkar for øvrig heller ikkje eksistensielt djupn eller alvor – trekk som i alle høve ikkje er naudsynt for at noko skal vera religiøst relevant og interessant. Bøker og tv-seriar av, om og med internasjonale, spiritistiske superstjerner som amerikanske James Van Praagh, Sylvia Browne og engelske Lisa Williams er globale suksessar, og bidrar til å spreia desse førestillingane og praksisane som tilgjengelege (og for nokre innbringande) kulturelle strøymingar. Hill framheld at «publikum er førestillinga» i ulike spiritistiske show, og slår fast at «the media [is] a resource for identity work in the formation and maintenance of paranormal beliefs and disbeliefs».¹⁹ Også skeptikarane tar sentrale roller kva gjeld det å føra det paranormale – som spiritisme – inn mot «midten» av vår kulturelle merksemd.²⁰ Dei globale spiritistiske trendane viser seg også på film, i ulike sjangrar. Henriksen og Pabst hevdar at skrekkfilmene sitt bilete av gjenferd er «de eneste som finnes av felles kulturelle førestillingar om kontakt mellom levende og døde i vår kultur i dag»,²¹ men ein typisk romantisk, sentimental-spiritistisk film som *Ghost* blei ein internasjonal suksess allereie i 1990 (med Patrick Swayze som død ektemann, Demi Moore som enka som opplever kontakt med han, og Whoopi Goldberg som medium), og bidrog til ufarleg- og alminneleggjering av spiritisme.

Sosiale media er arenaene som i dag raskast formidlar førestillingar og praksisar, så også spiritistiske (forutan vanlege heimesider, med eller utan interaktive løysingar, som elles finst og har funnest på nettet lenge). Noko av det mest konkrete kva gjeld global formidling av spiritisme, er dei nemnde seansane via sosiale media som Facebook, og på Facebook finst også aktive diskusjonssider for spiritistisk engasjerte folk. Mylderet av kommunikasjon i internettet sin tidsalder gjer at idear og praksisar som det før blei kravd meir innsats for å komma i kontakt med, nå er nokre tastetrykk unna, til dømes via smarttelefonane ein ber med seg overalt. Dette gjeld sjølvsagt ikkje eksklusivt for spiritisme, men *kommunikasjonsaspektet* ved dødekontakten høver særleg godt til vår intenst kommuniserande, formidlande, medierte samtid, slik også det grenseutfordrande, antiautoritære preget som kjenneteiknar store delar av det spiritistiske feltet, gjer det. Det erfarande, sansande subjektet i møte med eiga fortid og minner, og søken etter identitet og autentisitet, er også tidstypiske trekk ved den globale dødekommunikasjon, så vel som ved dei regionale uttrykka me har sett på.

Kontroversiell nyreligiøsitet?

For nokre er det spiritistiske kulturinnslaget høgst kontroversielt – døden er og blir ei grense mange av oss synst det er tungt og utfordrande å forholde seg til. Men det kontroversielle ved

den paranormale delen av nyreligiøsitet kan også forklarast ved å sjå på berøringspunkt denne har med den terapeutiske, kropps- og velværeorienterte delen av spiritualiteten. Fellestrekk her er insisteringa på at *subjektiv erfaring* og *sansing* er viktigare enn tru og dogme. Framleis skurrar slike prioriteringar med tradisjonelle forståingar av kva som er religiøst eller spirituelt «høgverdig». Når dødekommunikasjon blir sentralt fokus, kan reaksjonar i tillegg handla om at sorg og sorgarbeid ikkje skal gjerast til virkeområde og innteningsgrunnlag for ufaglærte, at Bibelen tydeleg åtvarar mot dødekontakt og at det blir generelt provoserande når døden som ei absolutt grense skal kunna overskridast av tidlegare frisørar som står fram som medium. Folkeleg religiøsitet høyrer per definisjon ikkje til dei kulturelt hegemoniske uttrykka for religion, og spiritisme kan sjåast som staden der det nyåndelege, folkelege, lette og tunge overlappar på spennande vis. Også representantar for makteliten vil kunna møte kraftig, kulturell motstand dersom ein identifiserer seg med dette feltet: Prinsesse Märtha Louise nemnte i eit intervju i Stavanger Aftenblad i 2010, i forkant av eit englekurs ho skulle halda i regionen, at ho kunne kontakta dei døde «kva tid som helst».²² Fråsegna skapte så mykje rabalder at prinsessa enda med å motta heimleg fordømming av biskopar og Snåsamannen, og internasjonal støtte av popstjerna Madonna.²³ Forutan å visa døden som kontroversiell grense, oppsummerer ståket kring prinsessa som medium også korleis det regionale og globale, det marknadsprega og mediale utgjer ein tydingsfull, kulturell miks som fordrar merksemd og refleksjon frå folk og fag. Og sidan den biskoplege fordømminga av prinsessa, har Den norske kyrkja godkjent ein liturgi for reinsking av urolege hus, så feltet er i stadig utvikling og interaksjon med større delar av religions- og kulturlivet.

Litteratur

Bruce, Steve. «New Age and Secularisation». I *Beyond New Age: Exploring Alternative Spirituality* redigert av Sutcliffe og Bowman, 200–220. Edinburgh University Press: Edinburgh, 2000.

Gilhus, Ingvild S. og Lisbeth Mikaelsson. *Kulturens refortrylling: Nyreligiøsitet i moderne samfunn*. Universitetsforlaget: Oslo, 1998.

_____. «Multireligiøse aktører og kulturens refortrylling». *Sosiologi i dag* 30, nr. 2 (2000): 5–22.

Hanegraaff, Wouter. «Defining religion in spite of history». I *The Pragmatics of Defining Religion: Contexts, Concepts and Content* redigert av Plavoet og Moledijk, 337–378. Brill: Leiden, 1999.

Heelas, Paul. *Spiritualities of Life: New Age Romanticism and Consumptive Capitalism*. Blackwell Publishing: Malden, Mass, 2008.

Heelas, Paul og Linda Woodhead. *The Spiritual Revolution. Why religion is giving way to spirituality*. Blackwell Publishing: Malden, Mass, 2005.

Henriksen, Jan-Olav og Kathrin Pabst. *Uventet og ubedt. Paranormale erfaringer i møte med tradisjonell tro*. Universitetsforlaget: Oslo, 2013.

Hill, Annette. *Paranormal Media. Audiences, Spirits and Magic in Popular Culture*. Routledge: Oxon and New York, 2011.

Kalvig, Anne. «TV Norge og Kanal FEM: den nye tids bodbringerar?». *Din – tidsskrift for religion og kultur* 4, (2009): 45–63.

_____. «Seansar og minnet om dei døde». *Kirke og kultur*, nr. 2 (2012): 128–141.

_____. «Alternativ folkemedisin? Om røter og nye skot på det sørvestlandske, holistiske helsefeltet». *Tidsskrift for kulturforskning* 11, nr. 2 (2012): 45–62.

_____. *Åndeleg helse. Livssyn og menneskesyn hos alternative terapeutar*. Cappelen Damm Akademisk: Kristiansand, 2013.

Partridge, Christopher. *The Re-Enchantment of the West: Alternative spiritualities, Sacralization, Popular Culture and Occulture*. Bind 1 og 2. T&T Clark: London and New York, 2004, 2005

Plavoet, Jan G. og Arie L. Moledijk (red.). *The Pragmatics of Defining Religion. Contexts, Concepts, and Content*. Brill: Leiden, 1999.

1 Gilhus og Mikaelsson, *Kulturens refortrylling*, 46.

2 <http://snl.no/spiritisme> og http://snl.no/Religi%C3%B8s_spiritisme

3 Definisjonen i føreliggande tekst er endra ved tilføyinga av ordet «erfaringar». Dette for å tydeleggjera erfaringsdimensjonen, som utmerkar seg på dette feltet. Eg takkar Tore Laugerud ved Aeropagos for å ha føreslått denne endringa. Kalvig, *Åndeleg helse*, 20–21.

4 Begrepsbruken på feltet er mangfaldig og ikkje konsistent: Spiritisme og spiritualisme kan ha ulike tydingar (sistnemnte som meir utarbeidd religion/filosofi), men blir ofte brukt som synonym, jmf her: <http://www.alternativ.no/Nyheter/spiritualist.html>.

5 Sjå også Kalvig, «Seansar og minnet om dei døde».

6 Dette feltet blir gjerne identifisert som ei kulturell strøyming som fleire framheld som eit av dei mest sentrale kjenneteikn ved religiøsitet i vår tid. Gilhus og Mikaelsson, *Kulturens refortrylling*; Hanegraaff, «Defining religion in spite of history»; Heelas og Woodhead, *The Spiritual Revolution*; Partridge, *The Re-Enchantment of the West*; Heelas, *Spiritualities of Life*.

7 Sjå Kalvig, «Alternativ folkemedisin?» og Kalvig, *Åndeleg helse*, Henriksen og Pabst, *Uventet og ubedt*.

8 «Sekulært» er her i emisk forstand: Emisk tyder omgrep og førestillingar som er interne, innforståtte og delte av ei gruppe som blir studert, og står i motsetning til etisk (utan samband med etikk, men etter inspirasjon frå lingvistisk skilje mellom fonemisk og fonetisk). Etisk tyder då dei eksterne, «nøytrale» og utanforståande omgrepa og forklaringsmodellane. Frå ei religionsvitskapleg, etisk synsvinkel, er ikkje den spiritistiske verksemda i denne kategorien sekulær, sjølv om «trusaspektet» er nedtona her.

9 Henriksen og Pabst, *Uventet og ubedt*, 21.

10 Hill, *Paranormal Media*, 18.

11 Alle døma som her blir vist til er reelle, men dei er for høvet stilte i saman uavhengig av tid. Tidspunkt for nemnte Facebook-oppdateringar og Alternativmessa i Stavanger, er til dømes ikkje faktisk samanfallande. Rapport frå Alternativmessa er basert på forfattaren sitt feltarbeid her haust 2011 og 2012.

12 Utgjevar av magasinet er «Magic Circle»/Magic.no, eit nettverk og ein nettportal der

klarsynte sine spådomstenester blir tilbode under den kjende spåmannen Hai Lees driftige leiarskap.

- 13 Sjå også Kalvig, «Seansar og minnet om dei døde», for skildring av prosedyre i denne type storseanse.
- 14 Gilhus og Mikaelsson, «Multireligiøse aktører og kulturens refortrylling».
- 15 Sjå også Kalvig, «TV Norge og Kanal FEM: den nye tids bodbringarar?».
- 16 Jamfør Kalvig, Åndeleg helse, 85–90.
- 17 For ei drøfting av kva dødekommunikasjonen tyder for dei som mottar bodskap, sjå Kalvig, «Seansar og minnet om dei døde».
- 18 For nærmare drøfting av energi som begrep innan alternativ terapi og alternativ spiritualitet, sjå Kalvig, Åndeleg helse.
- 19 Hill, Paranormal Media, 88.
- 20 Medium som Anita Helen Rasmussen og Gro Helen Tørum er behørig drøfta innan human-etikar/skeptikarkampanjen «Ingen liker å bli lurert» og på skeptikarbloggen skepsis.no. Sjølv om skeptikarmålsettinga er å avsløra svindel og lureri, kan me seia at dei bidrar til auka kulturell merksemd om paranormalitet og spiritisme – og i marknadssamanheng heiter det jo at «all reklame er god reklame».
- 21 Henriksen og Pabst, Uventet og ubedt, 136.
- 22 <http://www.aftenbladet.no/livssyn/Tillater-ikke-MC3A4rtha-kontakt-med-doede-1966443.html>.
- 23 <http://www.nrk.no/kultur-og-underholdning/1.7297898>.